



## OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 25.04.2013  
**Møtetid:** 19:00 - 21:45  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Roy Vegar Hope H	Miriam Hisdal Haga H
Anja Marken Bl	Janne Drevsjø Bl
Vidar Tveiterås Ap	Odd Lønnebakken Ap
Karl Bård Kollbotn Frp	Roy Helge Haug Frp

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
---

Fungerande rådmann Hilde-Lill Våge Stabssjef Jan Erik Boge
---

<b>Merknader:</b>
-------------------

Det vart ikkje røysta over kven av representantane (3 stk) som skal skriva under møteprotokollen. Vanlegvis er det Marit A. Aase, Brigt Olav Gåsdal og Øyvind Røen som skriv under møteprotokollar frå kommunestyret. Dei er derfor lagt inn som underskrivarar for denne møteprotokollen.
--

<b>Dokument utlevert i møtet:</b>
-----------------------------------

Brev og notat frå advokat Jarle Ringheim (repr. for barnevernsleiar). Dokumenta vart samla inn i slutten av møtet. Brev frå advokat Frode Samuelsen (sendt til Monica Tjønnå).
---

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 30.04.2013

-----  
Marit A. Aase

-----  
Brikt Olav Gåsdal

-----  
Øyvind Røen

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
014/13	13/209	Faste saker	
015/13	13/157	Personalsak	

**SAKNR. 014/13**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

**25.04.2013 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

**Birthe Skar-Moum Ap** påpeika at det ikkje var gruppeleiarane som hadde bedt om at det vart kalla inn til ekstra kommunestyremøte. Fleire av representantane som har skrive under på brevet med ønske om møte 25.04.2013 er ikkje gruppeleiarar.

Samrøystes vedtak.

**KS-014/13 VEDTAK:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

**SAKNR. 015/13**  
**PERSONALSAK**

**25.04.2013 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Møtet vart lukka kl. 19.05 med heimel i § 31.3 i kommunelova. Representantane fekk høve til å lesa gjennom to dokument frå advokat Jarle Ringheim som vart levert ut i møtet. Dokumenta vart samla inn att i slutten av møtet.

Jan Erik Boge orienterte om barnevernsleiar si tilbakemelding etter møte 24.04.2013 og om reglar/forhold knytt til suspensjon.

Etter innleiande debatt og gruppemøte la Birthe Skar-Moum fram følgjande framlegg til vedtak på vegner av Ap:

*”Kommunestyret går ikkje inn i vidare forhandlingar med bv.leiar. Han fortset i stillinga si medan granskinga pågår. Dersom det kjem fram kritikkverdige forhold under internkontrollen som gjev grunnlag for suspensjon ift AML § 15-13, må kommunestyret straks tre saman.”*

Øyvind Røen la fram framlegg til vedtak. Teksten i framlegget vart litt justert etter at stabssjef Jan Erik Boge på førespurnad frå Øyvind Røen orienterte om at det i denne saka truleg ikkje ville ha noko føremål å gjennomføra drøftingsmøte før fullføring av suspensjon. Øyvind Røen sitt framlegg til vedtak vart etter dette som følgjer:

## ***”Suspensjon av barnevernsleiar/leiar for helse- og sosialtenenstene***

██████████ vert suspendert frå stillinga si som barnevernsleiar/leiar for sosial- og helsetenesta i Samnanger kommune. Suspensjonen gjeld frå d.d. og i 3 månader.

*I samsvar med Arbeidsmiljøloven § 15-13 (1) er grunngjevinga for suspensjon:*

- 1. Det er mistanke om at barnevernsleiareren ved fleire høve har misleghalde stillinga si. Vitnemål frå pårørande i fleire barnevernssaker gjev grunn til dette. Dessutan har bl.a. kommunalt tilsette fortalt om uakseptable hendingar. Samnanger kommune meiner framleis at barnevernsleiareren gjorde feil då han bad lege og helsesøster om å delta på ein spesiell måte i ei omsorgsovertaking i januar 2013. Fylkesmannen, som har vurdert dette, har m.a. ikkje teke omsyn til dei medisinsk-etiske sidene ved denne saka.*
- 2. Det lova omtalar som ”virksomhetens behov” er òg ein hovudgrunn til å suspendera barnevernsleiareren. Folk i Samnanger har no ikkje den nødvendige tilliten til barnevernet. Samnanger treng eit godt fungerande barnevern straks, slik at innbyggjarane søker hjelp hos barnevernet utan å vera redde for omsorgsovertakingar på manglande grunnlag.*
- 3. Sjølv om det no er lang tid sidan mistankane mot barnevernsleiareren kom opp, er det framleis relevant å leggja vekt på sikring av bevis i saka. Granskinga av barnevernet vil gå over fleire månader og vil ta for seg saker langt tilbake i tid. Ein må difor sikra at alle dokument er tilgjengelege i opphavleg form.*

*Internkontrollen med gransking av barnevernet må koma i gang så snart som mogeleg. I den same perioden vert det arbeidt med å etablera eit samarbeid med andre kommunar om barnevernstenestene. Ein har som mål å leggja resultatet av granskinga og ei sak om interkommunalt samarbeid fram for kommunestyret i oktober 2013.*

*Fram til eit interkommunalt samarbeid er på plass, må rådmannen syta for mellombelse løysingar for barnevernet i Samnanger.”*

Det vart røysta over dei to framlegga til vedtak. Framlegget frå Ap fekk 11 røyster, medan framlegget frå Øyvind Røen fekk 10 røyster.

### **KS-015/13 VEDTAK:**

Kommunestyret går ikkje inn i vidare forhandlingar med bv.leiar. Han fortset i stillinga si medan granskinga pågår. Dersom det kjem fram kritikkverdige forhold under internkontrollen som gjev grunnlag for suspensjon ift AML § 15-13, må kommunestyret straks tre saman.